Ål kyrkjeakademi

ÅRSMELDING 2016

Ål kyrkjeakademi har hatt 5 tilstellingar i 2016. Dei ulike arrangementa var:

Torsdag 21. januar: Folk på flukt. Foredrag ved Ingvard Solberg.
Fredag 4. mars: Møte med musikar og prest Carl Petter Opsahl.
Fredag 15. april: Barns stemme – eit foredrag ved Cecilia Dinardi.
Onsdag 12. oktober: Varme hender – eit foredrag ved Jan-Olav Henriksen.
Onsdag 23. november: Kjellfred Dekko presenterte temaet: Slutt på statskyrkja – kva no?
For første gong måtte me avlyse eit planlagt arrangement som skulle vore gjennomført i september.

Det er mange positive tilbakemeldingar frå dei som har møtt fram på arrangementa våre. Til saman har om lag 200 personar løyst billett, og i tillegg er det oftast 2-3 frå styret som gjer ein innsats under møta.

Dette året syner rekneskapen ved årsslutt eit underskot på kr 8165,37. Den størst utgifta vår i året som gjekk, var annonsering, både i Halllingdølen og i Kulturhuskatalogen. Med det nye billettsystemet som no er i bruk, har også billettavgiftene auka noko, slik at inntektene på kvar selde billett er mindre. Ved inngangen til nytt arbeidsår har me ståande kr 4 924,23 i banken.

Som tidlegare går drifta i hop ved hjelp av billettsal til arrangementa, tilskot frå Norske kirkeakademier, Ål kommune, sokneråda i Ål og andre gåver og tilskot. Me har også gode støttemedlem som sikrar drifta vår. Det var 35 som betalte i 2016.

Arbeidsgruppa som styrer Ål kyrkjeakademi rekrutterer sjølv nye medlemer i gruppa og er ved årsskiftet slik samansett:

Anne-Kjersti Frøyen, Steinar Aa, Terje Nordal, Ingunn Stræte Lie og Arvid Bjørke